

ÅRSMELDING 2018  
Folkedanslaget i BUL Nidaros

## Arbeid i perioden

Eit av hovudmåla me har arbeida mot er å rekruttere fleire til dansemiljøet. Difor har me hatt fleire nybyrjarkurs i ulike rundansar, kor målet har vore å få fleire utan tidlegare dansebakgrunn til å bli med. Me har hatt ulike tilbod, både for nybyrjarar, erfarne dansarar, og me har hatt dansekveldar for alle nivå med vekt på det sosiale. På kursa har me i den grad det har vore mogleg hatt levande musikk - spelemannslaget i BUL har stilt opp ved fleire kurs; Daniel Falcon Græsdal og Eirik Njåstad stilte ogso ved eit par høve.

Me har også arbeida med meir reklame i sosiale media for å trekke fleire folk til arrangementa våre.

Innetter i styret har me arbeida med å systematisere og definere tydelege arbeidsoppgåver for kvart styresmedlem.

Me har arbeida med å setje saman ei framsyningsgruppe. Denne gruppa skal kunne framsyningsprogrammet, og stille opp på oppdrag der ei framsyning er ønska. Enn så lenge har det ikkje vore særleg respons frå dei me har spurt om å vere med i ei slik gruppe.

## Medlemstal i folkedanslaget

Laget har hatt ein nedgang i medlemstalet dei siste åra. Men mange er seine med å betale, og det er framleis 15 personar som var medlem våren 2018 som ikkje har betalt for haust 2018/vår 2019. Kanskje vil nokon av dei framleis vere medlem når dei no får ei purring på medlemspengar.

	31.12.2016	31.12.2017	31.12.2018	Ventar betaling
Til saman	53	38	28	15
Under 14 år	15	4	2	3
Mellom 14 og 25 år	4	5	6	1

### Heiderslagsmedlem

I 2018 hadde Folkedanslaget 10 heiderslagsmedlem: Olav Mogstad, Steinar Robertsen, Erling Birger Evensen, Per Reitan, Kåre Herdlevær, Margit Støen Svergvoll, Ingeborg Donali, Geir Egil Larsen, Tor Stallvik og Kari Margrete Okstad.

# Barnepartia 2019

Barnepartia er framleis delvis slått saman, då dette har vist seg å fungere godt. Familiepartiet har fysts ein halvtime åleine, før dei større ungane i alderen kjem slik at dei kan ha ein halvtime saman. Til slutt har dei eldste ungane ein halvtime for seg sjølv. Slik har både partia har ein hel time fordelt på halvtimar med opplegg særlig tilpassa deira aldersgruppe og ferdigheitsnivå, og ein halvtime saman med opplegg som passar både partia.

FamilieFolk (ca 3- 6 år) har øvingar måndagar i oddetalsvekene i lagssalen frå kl 17.00 til 18.00. Det er lagt vekt på songdansar og -leiker, halling og anna som jobbar med rytme og grovkoordinasjon. Siste halvtimen er i lag med StorFolk. Foreldre er med og dansar med dei yngste/nyaste barna.

StorFolk (ca. 6-10 år) har øvingar måndagar i oddetalsveker i lagssalen frå kl. 17.30 til 18.30. Det er lagt vekt på halling, rytme og forenkla versjonar av dei vanlegaste runddansane.

Våren 2018:

Barnedansen hadde 8 øvingar med i snitt 12 ungar deltok.

Det var arrangement for ungane til dei to dansekveldane på BUL-hytta.

Hausten 2018:

Barnedansen hadde 8 øvingar, og i snitt 8,2 born deltok på øvingane. Me fekk ein ny instruktør då Hanne Hammerseth flytta frå byen. Ny instruktør saman med Berit Tiller Lundsauet er Karen Lone.

## Arrangement i løpet av året

17. mars: Dans på hytta, 6 ungar deltok.

21. april: Dans på hytta. Jørgen Nyrønning spelte.

Til St. Hans vart me invitert til Sverresborg for å halde ei framsyning. 3 ungar deltok saman med 7 vaksne.

23. juni: St. Hans-feiring på Sverresborg, oppdrag saman med vaksne. 3 ungar møtte i bunad eller tilsvarande og var med og dansa for publikum.

24. november: Haustleik. Likt opplegg som ved dans på hytta - ein time med dans for ungane før dansen for dei vaksne. 4 ungar deltok. 7 spelmenn frå Snaustrinda Spelemannslag spelte for oss.

9. desember: Felles juleavslutning. Ingen ungar frå dansen møtte.

**Anna:**

Instruktørsituasjonen: Me har ikkje hatt ein vikar for handa dette året. Heldigvis har me ikkje trengt det, og viss ein av instruktørane hadde vorte hindra i å stille har den andre framleis kunnet ta både

gruppene, men det er framleis naudsynt med meir instruktørressursar. Både om ein skulle bli sjuk, men òg med tanke på opplæring og erfaringsoverføring. Dagens instruktørar har no fått ein del erfaring det hadde vore synd å miste.

Ogso i år har me hatt berre ein foreldrekontakt, mot to tidlegare. Sidan partia no har ein fellesdel, såg me oss først nøgd med det. Instruktørane ønskjer seg større engasjement frå foreldra til å ta på seg oppgåver kring den praktiske organiseringa, slik at dei heller kan bruke tida på kvaliteten på opplegget. I haust har det ikkje vore ein utnemnd barnedansansvarleg i folkedanslaget sitt styre, noko som har ført til stundvis seine meldingar til foreldre om endringar og arrangement utanom dei vanlege øvingane. Det har kome ynskje frå foreldre om å få tilsendt ein halvårsplan. For å få foreldra på laget foreslår instruktørane at BUL eksplisitt forventar at kvar familie bidreg med ei dugnadsøkt eller liknande per år.

10. januar,

*Berit Tiller Lundsauet, instruktør.*

## Onsdagsleiken

Det vart gjennomført 14 øvingar på våren og 15 øvingar på hausten. Øvingane har vore i BUL-salen på onsdagar kl. 19:00-21:00.

Det var i snitt med 23 personar kvar kveld i vår. Oppmøtet varierte mellom 15 og 33 personar. I haust var det i snitt med 21 deltakarar kvar kveld. Oppmøtet varierte mellom 6 og 33 personar.<sup>1</sup>

Onsdagsleiken har ikkje hatt ei fast instruktørgruppe, men fleire ulike instruktørar som har instruert kvar sin kveld.

Me har hatt eit samarbeid med NTNUI Swing og Folkedans om å arrangere felles nybyrjarkurs i folkedans for å auke rekrutteringa til folkedansmiljøet. På desse kursa har vi også lagt vekt på å bruke levande musikk.

---

<sup>1</sup> I vår var vi flinke til å telje kor mange deltakarar det var på golvet, medan i haust har vi berre tal på dei som har skrive seg inn i boka. Difor har det nok vore fleire folk i haust enn tala viser. Erfaringsmessig er det mange som ikkje skriv seg inn i boka, sjølv om vi minner om det fleire gongar kvar øving.

## Oversikt over kursa i vår:

Av dei 14 onsdagsleikane i vår var det 5 nybegynnarkurs, 4 kurs for vidarekomne dansarar og 5 dansekveldar.

Dato	Tema	Instruktør/spelemann	Felles med NTNUI
10. jan.	Dansekveld	Lychelaget, Snaustrinda pangsjonistlag og Søndre	
17. jan.	Reinlendar nybegynnar + ålandsschottis	Line Langørgen og Kevin Theigmann, Spelmannslaget i BUL	X
24. jan.	Vals og galopp nybegynnar+ ålandsschottis	Line Langørgen og Kevin Theigmann, Spelmannslaget i BUL	X
31. jan.	Dansekveld + årsmøte	Trondheim toradergruppe	
7. feb.	Samdansteknikk og tango	Sveinung Vaskinn, Berit Lundsauet og Daniel F. Græsdal	X
14. feb.	Dansekveld	Søndre, Daniel F. Græsdal	
21. feb.	Dansar frå utlandet	Galina og Erik	X
7. mar.	Innherredspols	Helge og Åsta Venås Flægstad, Otto Brustad	
14. mar.	Masurka og galopp frå Værnes	Hanne Hammerseth og Karsten Kirste, Sveinung og Åshild Riiber	X
21. mar.	Dansekveld	Snaustrinda, Gløstøs	
4. apr.	Telegangar og -springar	Torunn Slettemark Hovden	
11. apr.	Dansekveld	Avvik	
18. apr.	Valdresspringar	Ulf Carlin	
2. mai.	Dansekveld	Otto (innherredspols + litt anna) og Snaustrinda Spelemannslag	

## Oversikt over kursa i haust

Av dei 15 onsdagsleikane i haust var det 6 nybegynnarkurs, 6 kurs for vidarekomne dansarar og 3 dansekveldar.

Dato	Tema	Instruktør/spelemann	Felles med NTNUI
29. aug.	Dansekveld	Snaustrinda, Søndre, Spelemannslaget i BUL	
5. sep.	Reinlendar og galopp	Line Langørgen og Gry Hellum, Spelmannslaget i BUL	X
12. sep.	Repetere reinlendar og galopp + vals	Berit Lundsauet og Gusta Tronstad, Spelemannslaget i BUL	X
19. sep.	Rørospols nybegynnar	Sveinung Vaskinn	X
26. sep.	Folldalsspringleik	Hildegunn Plassen	
3. okt.	Bynespols og suldalsspringar	Siri Mæland	
10. okt.	Reinlendarturar og rørospols	Kevin Theigmann og Line Langørgen, Eirik Njåstad	X
17. okt.	Bynespols og suldalsspringar	Siri Mæland	
24. okt.	Valdresspringar	Ulf Carlin	
31. okt.	Dansekveld	Otto Brustad	
7. nov.	Tango og samdansteknikk	Sveinung Vaskinn, Daniel F. Græsdal	X
14. nov.	Dansekveld	Avvik, Lychelaget	
21. nov.	Repetere rørospols og vals	Line Langørgen og Gusta Tronstad, Spelemannslaget i BUL	X
28. nov.	Svensk dans	Petter Johansson	
5. des.	Skotsk folkedans	Andrii Zherebko	

## Helgekurs

I vår hadde vi eit kurs i Rørospols 2.-3. februar. Heidi Tovmo og Svein Granøien instruerte og Knut Reed med vener spelte. Det var 27 deltakarar. Vi fekk låne gratis lokale på Sverresborg i samarbeid med prosjektet Museene danser ved Tone Erlien og kurset vart slik ein levande del av utstillinga på laurdagen. På kvelden arrangerte Museene danser ein dansekveld.

I haust hadde vi eit kurs i Valdresspringar 20.-21. oktober i samarbeid med TrondheimFOLK. Brit Totland og Knut Arne Jacobsen instruerte, Henning Andersen spelte.

## Veteranringen

Veteranringen hadde i 2018 gjennomsnittleg 14 personer på sine åtte dansekvelder. Det vart også gjennomført ei framsyning på juleavslutninga til BUL Nidaros.

Ive og Kåre Eggereide samt Herman Raner er dei som har stått for å halde dansing, medan Gunvor, Inger Johanne og Arne Røkke har stått for musikk.

## Haustleik og dansekveldar

I vår var det to dansekveldar på BUL-hytta:

17. mars spelte Søndre Trondhjems Spellmannslag og Jo Einar Sterten Jansen.

21. april spelte Tron Steffen Westberg og Jørgen Nyrønning, Sturla Eide med vener, samt juniorspelemannslaget Laust og Fast. Dansekvelden vart arrangert i samarbeid med TrondheimFOLK. Det var 57 frammøtte, samt 6 spelemenn og eit juniorspelemannslag på ca 20 ungdommar.

I haust spelte Einar Olav Larsen på BUL-hytta 22. september.

Haustleiken vart arrangert i BUL-salen 24. november med musikk frå Småviltlaget, Snaustrinda spelemannslag og spelmannslaget i BUL Nidaros. 52 personar skreiv seg inn i boka, men vi telte 70 personar i salen. 4 barn deltok på barnedans før haustleiken starta.

## Oppdrag

I og med samanslåinga av dei to Trøndelagsfylka mista BUL førespurnadene om å danse til statsborgarseremoniane.

Under St. Hans-feiringa på Sverresborg 23. juni møtte 3 ungar frå barnedansen og 7 vaksne opp og hadde ei 15 minutt lang framføring, før dei tok publikum med på ein marsj og langedans.

## Aktivitetar/turar

Fleire medlemar av folkedanslaget reiste til Rørosmartnan i februar. Det vart ikkje arrangert felles reise eller overnatting.

17. mai dansa folkedanslaget i 17.-maitoget. På kvelden arrangerte vi grilling på BUL-hytta med buskspel og dans.

Folkedanslaget deltok med innherredspols i lagdans senior på landskappleiken. Laget deltok med 18 dansarar (9 par). Deltakarane var Helge Venås Flægstad, Torunn Slettemark Hovden, Erling Søyland, Berit Tiller Lundsauet, Gry Myrmo Hellum, Åsta Venås Flægstad, Hanne Hammerseth, Silje Aunehaugen, Knut Nordanger, Marit Stranden, Line Langørgen, Sveinung Heide Vaskinn, Marthe Aa, Eirik Njåstad, Thomas Immanuel, Siri Mæland, Kristin Tyholt Nygaard, Valeriia Sergeeva.

15. september gjekk BUL i Pride-paraden etter initiativ frå folkedanslaget.

## Dugnad

Laget deltok på dugnad på BUL-hytta 8. juni, men ikkje 31. august. 12. september bidrog laget til rydding og vasking av kjøkkenet og bakrommet i BUL-salen.

## Samarbeidsorganisasjonar

### NTNUI Swing og folkedans

Folkedanslaget i BUL Nidaros inngjekk i 2017 eit samarbeid med NTNUI Swing og Folkedans for å auke rekruttering til folkedansen i Trondheim. Også i 2018 samarbeida vi om å halde felles nybegynnarkurs i vanlege norske folkedansar. Vi arrangerte desse kursa som vanlege onsdagsleikar, men med gratis inngong for medlem i både BUL og NTNUI. BUL hadde alle inntekter og utgifter frå desse kursa. Vi annonserte kursa i dei sosiale media-kanalane til både BUL og NTNUI og nådde derfor ut til mykje fleire folk, mange av dei unge.

I vår hadde vi 5 felles nybegynnarkurs, med eit snitt på 20 deltakarar. I haust hadde vi 5 slike kurs, med eit snitt på 27 deltakarar.



## TrondheimFOLK

Vi har samarbeida med TrondheimFOLK om å arrangere ein felles dansekveld på BUL-hytta 21. april og eit kurs i Valdresspringar 21. oktober.

På dansekvelden spelte Tron Steffen Westberg, Jørgen Nyrønning og Sturla Eide med vener. Vi hadde felles annonsering og medlemspris for medlem av både TrondheimFOLK og BUL. TrondheimFOLK og folkedanslaget i BUL delte inntektene likt. TrondheimFOLK betalte honorar til Sturla Eide & vener og Folkedanslaget i BUL betalte til Tron Steffen Westberg & Jørgen Nyrønning.


På kurset i Valdresspringar instruerte Brit Totland og Knut Arne Jacobsen. Henning Andersen spelte. TrondheimFOLK hadde alle inntekter og utgifter frå kurset, men vi hadde felles annonsering og medlemspris for medlem av både TrondheimFOLK og BUL.

## Reklame

I 2018 har folkedanslaget lagt vekt på bruk av sosiale media for å trekke folk til arrangementa våre. Vi har annonsert på nettsida til BUL, Facebook, TRDevents og i Google kalender.

Den 1. januar 2018 hadde Facebooksida til folkedanslaget 248 likerklipp og 250 følgjarar. 31. desember hadde ho 316 likerklipp og 326 følgjarar.

Grafen nedanfor viser utviklinga i likerklipp sidan vi starta å registrere det i april 2016. Då var det 192 likerklipp, så det har vore ei stor auking. I grafen er det lagt på trendlinjer for kvart skuleår, og her ser ein at aukinga i likerklipp har hatt nesten dubla hastigheit etter at vi hausten 2017 starta med å ha onsdagsleik kvar veke.



# Tillitsvalde

## Før årsmøtet:

Leiar	Kevin André Theigmann
Styremedlem	Berit Tiller Lundsauet
Styremedlem	Hanne Hammerseth
Styremedlem	Helge Venås Flægstad
Styremedlem	Line Langørgen
Varamedlem	Gry Myrmo Hellum
Varamedlem	Cecilie Nørberg (flytta oktober 2017)
Varamedlem	Astrid Malene Bue

Repr. i lagsstyret	Kevin André Theigmann
Vara i lagsstyret	Berit Tiller Lundsauet

Aktivitetsansvarleg	
Barnepartia	Hanne Hammerseth og Berit Tiller Lundsauet
Veterandansen	Ive Eggereide

Valnemnd	Ive Eggereide og Åshild Riiber
----------	--------------------------------

## Etter årsmøtet:

Leiar	Kevin André Theigmann
Styremedlem	Berit Tiller Lundsauet
Styremedlem	Solrun Oust Ledsaak (flytta sumaren 2018)
Styremedlem	Erik Kvam/ Gusta Birgitte Tronstad (dei bytta sumaren 2018)
Styremedlem	Line Langørgen
Varamedlem	Helge Venås Flægstad
Varamedlem	Astrid Malene Bue
Varamedlem	Hanne Hammerseth (flytta sumaren 2018)

Repr. i lagsstyret	Kevin André Theigmann
Vara i lagsstyret	Solrun Oust Ledsaak/ Gusta Birgitte Tronstad (bytta sumaren 2018)

Aktivitetsansvarleg	
Barnepartia	Berit Tiller Lundsauet, Hanne Hammerseth/ Karen Lone
Veterandansen	Ive Eggereide

Valnemnd	Helge Venås Flægstad og Daniel Falcon Græsdal
----------	---

# Styremøte

Styret i Folkedanslaget har i løpet av 2018 hatt sju styremøter. Fem på våren og to på hausten. Me har diskutert ting som økonomi, framsyning/turer, samarbeid med andre organisasjonar, strukturering av styret m.v.

## Økonomi

Leggast fram på årsmøtet.

## Råd til neste styre

Styret bør lage ein vedtaksprotokoll der alle styrets vedtak blir nedskrive. Den skal kunne sendast ut til medlemene i laget. Økonomiske beslutningar krev styrevedtak.

God kommunikasjon i styret er viktig. Det er viktig at ein deler med kvarandre kva ein tenker og meiner, og kva kvar og ein i styret arbeider med. Det er lov å vere ueinige, men når eit vedtak er fatta må alle rette seg etter det. Respekter kvarandre og ver rause - ha det kjekt saman :)

Registrering av frammøte fungerer i dag ikkje heilt optimalt. Vi veit at mange ikkje skriv seg inn i boka, sjølv om vi minner om det fleire gongar på arrangementa våre. Folkedanslaget treng informasjon om kor mange deltakarar vi har og namn på dei for å søke om støtte (Vaksenopplæringsmidlar krev at minst 3 deltakarar har møtt opp på 75 % av kursa). Dessutan hadde det vore kjekt å vite kven ein kan spørje om å bake kake. Vi treng også å vite utviklinga i kor mange som bruker tilbodet til folkedanslaget og om det er trendar når det gjeld kva for arrangement dei kjem på. Det hadde og vore interessant å vite kor mange deltakarar som er medlem i BUL og ikkje, og i 2018 også kor mange på nybegynnarkursa som var NTNUI-medlem. Eit forslag til løysing kan vere at alle som deltar på BUL-arrangement for første gong må skrive seg på eit skjema med fornamn og etternamn i blokkbokstaver, fødselsår, epostadresse, tlf og om dei har medlemsskap.

*Trondheim, 21. januar 2019  
Folkedanslaget i BUL Nidaros*